



Arkivnr: 2015/3170-7

Saksbehandlar: Anne Vedvik

Delegert saksframlegg

Fylkesdirektør samferdsel etter fullmakt

Søknad om omgjering av ordinært drosjeløyve R-97 til reserveløyve m/rullestol

Samandrag

Nordhordland Taxisentral SA har søkt om at drosjeløyve R-97 vert endra til reserveløyve m/rullestol. Drosjeløyve R-97 har vore ledig sidan mars 2015. Omgjering av R-97 til reserveløyve gjev større leveringskapasitet i Lindås, ikkje minst på rullestoltransport. Samstundes gjev eit reserveløyva meir fleksibilitet enn eit ordinært løyve. Fylkesdirektør samferdsel har på grunnlag av dette fatta følgjande

Vedtak

Drosjeløyve R-97 vert omgjort til reserveløyve med stasjonering Lindås/Mongstad. Bil på løyve R-97 skal kunne transportera rullestol. Reserveløyve R-97 skal kunngjerast ledig internt blant løyvehavarane i Nordhordland Taxisentral SA.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
seniorrådgjevar

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift
Fylkesdirektør samferdsel, 08.06.2016*

Søknad frå Nordhordland Taxi SA

Nordhordland Taxisentral SA har ved søknad jurnalført 25. mai 2016 søkt om at ordinært drosjeløyve R-97 vert endra til reservedrosjeløyve m/rullestol. Søknaden er grunngjeve med at det er behov for eit ekstra løyve med plass til rullestol, på dagtid til skule- og pasientkjøring. Løyvet skal ha stasjonering i Lindås/Mongstad. Det er ikkje tilstrekkeleg etterspurnad etter drosjetenester til eit ordinært løyve. Sentralen veit at det er eksisterande løyvehavarar i sentralen som ynskjer å drifta eit reserveløyve.

Fylkesdirektør samferdsel si vurdering

I Nordhordland er det berre ein sentral, og sentralen gjer tiltak for å møte tilbod og etterspurnad i drosjemarknaden ut frå eigne vurderingar. I dag er det 29 ordinære og 5 reserveløyve i drift i sentralen. Drosjeløyve R-81 vart omgjort frå ordinært til reserveløyve ved vedtak av 15.03.16. Dette løyvet vart lyst ledig internt i sentralen og det melde seg 4 søkerar.

Drosjeløyve R-97 har vore ledig sidan mars 2015. Omgjering av R-97 til reserveløyve gjev større leveringskapasitet og samstundes meir fleksibilitet enn om det held fram som ordinært løyve. Fylkesdirektør samferdsel er positiv til at kapasiteten på rullestoltransport aukar og rår til at drosjeløyve R-97 vert omgjort til reserveløyve og kunngjort ledig internt blant løyvehavarane i Nordhordland Taxisentral SA.